



# Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Jan Gunnar Vaktskjold  
Nøtlevågen 140  
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/917 - 14/3750

Saksbehandlar:  
Toril Marie Mulen  
toril.mulen@radoy.kommune.no

Dato:  
09.04.2014

## Gbnr 6949 - Søknad om konsesjon

Me viser til søknad motteke

### Saksutgreiing:

Jan Gunnar Vaktskjold søker konsesjon for gnr/bnr 69/49 i Radøy kommune. Eigedomen er på 2,9 daa, der areaet i dag blir brukt til beite. Ny bruk av området er tomt for ny driftsbygning. Avtala kjøpesum for teigen er 30 000 kr. Søkjar eig frå før av eigedommen gnr/bnr 69/44 i Radøy kommune.

Søknad om konsesjon skal handsamast etter Lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom, LOV 2003-11-28 nr 98. Det skal leggjast særleg vekt på fem punkt ved handsaming av konsesjon, jf § 9.

- 1) *Om den avtala prisen tilgodeser ei samfunnsmessig forsvarlig prisutvikling*
- 2) *Om ververar sitt føremål vil ivareta hensynet til busettinga i området*
- 3) *Om ervervet innebærer ei driftsmessig god løysing*
- 4) *Om ervervar ansjåast å være skikka til å drive eigedommen*
- 5) *Om ervervet ivaretek omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet*

Den avtala prisen er innanfor det som kan akseptrast for kjøp av landbruksareal. Konsesjon kan gjevast etter dette punktet.

Formålet med kjøpet er å nytte teigen til å bygge ny driftsbygning. Overdraginga vil være i tråd med intensjonen til søkjaren om å satse vidare på saueproduksjon, noko som er positivt for området og Radøy kommune. Søkjaren bur i nærleiken av teigen på gnr/bnr 69/44. Omsynet til busettinga i området er ivareteke. Omsynet til ei driftsmessig god løysing er i vareteke. Konsesjon kan gjevast etter desse to punkta.

Radøy kommune har ikkje informasjon som skal tilseie noko anna enn at kjøpar er skikka til å drive eigedommen. Kjøpar har drifta gnr/bnr 69/4 sidan 1994. Konesjon kan gjevast etter dette punktet.

Radøy kommune finn at ei investering i å bygge ny driftsbygning for å satse vidare på saueproduksjon vil ivaretake omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet. Konesjon kan gjevast etter dette punktet.

Radøy kommune finn at ein kan gje konesjon til Jan Gunnar Vakt skjold for kjøp av eigedom gnr/bnr 69/49 i Radøy kommune.

### **Vedtak**

Radøy kommune gir Jan Gunnar Vakt skjold konesjon for kjøp av eigedom gnr/bnr 69/49 i Radøy kommune. Heimel for vedtaket jfr Konesjonslova § 9.

Vilkår for konesjonen er at det vert bygd driftsbygning for sau på gnr/bnr 69/49 innan tre år. Gjerdeplikta fylgjer eigedomen. Heimel for vilkår jf Konesjonslova § 11.

### **Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing

Toril Marie Mulen  
leiar Felles landbrukskontor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Mottakere:**

Jan Gunnar Vakt skjold

Nøtlevågen 140 5938

SÆBØVÅGEN